



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5898-3

Leikanger - Kommunal planstrategi

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slike vedtak:

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Leikanger kommune
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i større grad drøftar dei ulike utfordringane kommunen står overfor, og set overordna retning og mål for det vidare planarbeidet
3. Regional planstrategi må i sterkare grad leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Leikanger
4. Planstrategien bør drøfte Leikanger som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion

Vedlegg: Leikanger kommune. Planstrategi 2016 – 2019. Høyringsframlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Leikanger kommune har lagt utkast til kommunal planstrategi ut på høyring. Plan- og bygningslova set krav til kommunane om å utarbeide communal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Leikanger vedtok førre planstrategi 12.12.2012. Leikanger kommune har ein samfunnsdel som vart vedteken i 2015, og ein arealdel som vart vedteken i 2009.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde vedtak av regional planstrategi (RPS) 14. juni i år. Det er i arbeidet gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og sikre kopling mellom RPS og dei enkelt kommunale planstrategiane.

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav om offentleg høyring av kommunale planstrategiar, og delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Vi saknar konkrete drøftingar av nokre problemstillingar. Planstrategien er ikkje ein plan, og den skal ikkje løyse utfordringane, det er det dei enkelte planane som skal gjere. Vi meiner likevel at ein planstrategi, på eit overordna nivå og ein kortfatta måte, skal drøfte ulike måtar å møte utfordringane på, og som set retning på det framtidige planarbeidet. Fylkeskommunen oppmodar difor kommunen til å jobbe meir med å tydeleggjere utfordringane og satsingsområda.

Regional planstrategi er ikkje nemnt i utkastet. Etter plan- og bygningslova skal regional planstrategi leggast til grunn for det vidare planarbeidet i regionen. Vi meiner det bør vere ein sentral del av ein communal planstrategi å seie nok om korleis kommunen i sitt planarbeid vil

halde seg til dei utfordringar og mål som fylkeskommunen skisserer. Fylkeskommunen har ei forventning om at kommunen legg dei regionale hovudutfordringane som er sett opp i RPS til grunn i det vidare planarbeidet.

Også Leikanger kommune er del av ein større region saman med nabokommunar. Strategien drøftar ikkje kva utfordringar og moglegheiter som ligg i det å vere del av ein slik region. Samfunnssdel, arealdel og andre kommuneplanar og sektorplanar vil måtte halde seg til ei slik verkelegheit, og planstrategien burde drøfte kva det betyr for Leikanger.

3. Konklusjon

Strategien bør i større grad drøfte dei ulike utfordringane, det vil seie peike på moglege strategiar og løysingar, og setje overordna retning og mål for det vidare planarbeidet som grunnlag for prioritering av planar.

Strategien bør i større grad kople seg opp mot regional planstrategi og dei løysingane og den utviklingsretninga som vert skissert i den. Vidare bør det gjerast ei drøfting av Leikanger som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

Fylkesrådmannen rår til at denne saksutgreiinga følgjer som vedlegg til saka ved oversending av uttalen til kommunen.